



NR 2, 2019 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 87. ÅRG



Foto: Jarle Berge

I dette nummeret kan du lese om:

Bruk stemmeretten din i kyrkjevalet

Godt jobba ved Bjordal kyrkje

Biskopen sitt visitasforedrag

Påskanattsgudsteneste

Nominerte til soknerådsva

Alværa – vegen vidare

God sommar!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø,
Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn.

I redaksjonen:

Bjørnar Otterstein, Runar Matsui-Li og Andreas Ester

Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegåver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Bruk stemmeretten i kyrkjevalet!

I år blir kyrkjevalet 2019 gjennomført den 9. september. Alle som er over 15 år – eller som fyller 15 i løpet av året – har stemmerett i valet.

Eg vil med dette oppmode til å bruke stemmeretten. Kvifor skal du bruke den?

Kyrkjevalet er eit sentralt element i kyrkjedemokratiet. Å bruke stemmeretten er uttrykk for eit levande demokrati – eit uttrykk for at vi er ei levande kyrkje! Det er viktig å sjå at det allereie ligg mykje arbeid bak valet. Mange som har brukt mykje tid til å spørje folk om dei vil stille til val. Og det er kjempebra at det er mange som sa ja til det.

Du har to stemmer og kan stemme på kandidatar til det lokale soknerådet og til bispedømerådet. Begge disse råda har viktige roller i kyrkja og er med på å avgjere kyrkja si framtid – både på lokalt og på sentralt plan. Soknerådet har ansvar for alt arbeid som skjer i soknet: trusopplæring, diakonalt arbeid, gudstenester, kyrkjemusikk og mykje meir. Bispedømerådet legg planane for alt kyrkjeleg arbeid i bispedømet vårt, og sender delegatar til kyrkjemøtet som er den sentrale instansen i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet er på ein måte Den norske kyrkja sitt Storting.

Det løner seg, og det er viktig å ta turen til vallokalet denne dagen. Bruk den tida!

Kanskje er ikkje alle ungdommar klare over det at dei har stemmerett allereie frå 15-årsalderen? Kvar stemme tel, men om du er mellom 15 og 30, så er det ekstra viktig at du brukar stemmeretten din for å bestemme kyrkja si framtid.

Lukke til med valet!

Andreas Ester, sokneprest

www.hoyanger.kyrkja.no

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159

6991 Høyanger

Telefon: 57 71 41 00

post@hoyanger.kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik

Telefon: 57 71 41 00

post@hoyanger.kyrkja.no

Kontorsekretær: Katarina Vattekar

Telefon privat: 97 58 96 55

katarina.maria.vattekar@hoyanger.kyrkja.no

Prost: Reidar Knapstad

Kyrkjevegen 23, 6809 Førde

Telefon kontor: 57 82 81 80

Direkte innval kontor: 57 82 81 83

Mobil: 97 56 82 20

E-post: reidar.knapstad@fordekyrkje.no

Sokneprest: Runar Matsui-Li,

6993 Høyanger

Telefon kontor: 57 71 41 00

Mobil: 48 89 00 86

E-post: runar.matsui-li@hoyanger.kyrkja.no

Sokneprest: Andreas Ester,

6947 Lavik

Telefon kontor: 57 71 41 00

Mobil: 45 22 17 37

E-post: andreas.ester@hoyanger.kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik

Telefon kontor: 5771 4100

Mobil: 922 40966

E-post: toril.lange@enivest.net

Kyrkjeværje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger

Telefon privat: 57 71 32 23

Telefon kontor: 57 71 41 00

Mobil: 91 76 38 03

E-post: bjornar.otterstein@hoyanger.kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger

Mobil: 94 18 67 09

E-post: gerda.otterstein@gmail.com

Leiarar av sokneråda:

B og O: Øyvind Rømo 48161729

Lavik: Geir Ytredal 48121513

Kyrkjebø: Audun Digranes 91746841

Høyanger: Marte Igelkjon 99490121

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

kartangvik@gmail.com

Audun Digranes 91746841

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99398497

Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77

Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77

Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21

Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12

Audun Engedal tlf. 41563628

Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 01 27

Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Mykje spennande i kyrkja etter pinse!



Rabbula-Evangeliet (ca. 586)

Etter mange fargelause og grå haust- og vinterdagar er det kvart år overveldande for meg å sjå naturen sine mange sterke fargar vende tilbake. Oppleve lyse vårdagar, milde sommarnetter.. Lukte blomane si duft. Poesien har henta mykje inspirasjon frå denne erfaringa!

I kyrkja feirar vi påske og pinse og Kristi himmelfart i denne årstida.

I kyrkjeåret tel vi i sommarhalvåret mange søndagar etter pinse som ikkje har noko eige namn, og som gjer at vi kanskje får det inntrykket at det ikkje skjer så mykje viktig i kyrkja i denne perioden. Men det er heilt feil.

Pinsedagen kjem Heilaganden ned til oss. Han kjem for å bli buande hos oss. Jesus, som ikkje lenger er fysisk og synleg til stades, han vender tilbake og bur i oss med sin Ande. Heilaganden, det er hans Ande, Jesus sin Ande.

Vi lever i tida etter pinse. Og dette er ikkje berre det som gjeld kyrkjeåret. Det er realiteten vår som kyrkje. Den oppstadne Jesus Kristus er til stades på mange måtar hos oss i Anden sin.

Her ved sida av ser du ei veldig tidleg framstilling av pinsedagen frå ei bibelhandskrift frå 600-talet. Apostlane ser ut som eit fotballag, synes eg, som det blir tatt foto av før eller etter kampen. Som utstrålar kamplyst, glede, motivasjon og lagånd. Og det er akkurat alt dette som Heilaganden vil gi oss, skape i oss. For å makte, for å gjere store ting.

Og det er heilt utruleg kva som kan skje no. Mange spennande ting! Kvar søndag i kyrkja og i kvardagen også. Heilt vanlege folk klarar å gjennomføre ting som er heilt utrulege. Som dei sjølv aldri hadde tenkt seg å kunne klare.

Vi lever i tida etter pinse. Heilaganden lever i oss. Jesus sjølv med sin Ande. Han inspirerer oss. Han gjev oss uante krefter. Vi har kanskje vanskeleg for å forklare korleis det er mogeleg, korleis det kan gå føre seg – akkurat slik som vi les i apostelgjerningane. Det blir brukt ulike naturmetaforar for Den heilage Ande, storm og eld, som kjem ned frå himmelen.

Heilaganden som nyskaparen, det er akkurat som den norske naturen med sine mange sterke fargar om våren. Det er den same naturen, men den er ikkje til å kjenne att!

Slik er det med oss også, med kyrkja: vi er dei same menneska, men forvandla, fulle av glede og inspirasjon for store ting!

Andreas Ester, sokneprest

Konfirmantane i Høyanger kyrkje 5. mai 2019



Foto: Bjørnar Otterstein

Bak frå venstre: Eirik Råsberg, Marcus Østerbø Marifjæren, Isak Falch Solheim, Sander Avsnes, Daniel Skilbrei Aven, prest Runar Matsui-Li.

Framme frå venstre: CJ Mendoza, Amalie Hundershagen Fredriksen, Hedda Ølmheim, Charlotte Saxrud Østerbø og Thelma Svedal Hellem. Constanse Simmerøy var ikkje tillstades då bilete vart teke.

Konfirmantane i Kyrkjebø kyrkje 12. Mai 2019



Foto: Bjørnar Otterstein

Bak frå venstre: Kristian Nordstrand Forthun, Benjamin Ramsli Lyeng, Aleksander Poltema Nyland, Thomas Taro Matsui-Li, sokneprest Runar Matsui-Li. Framme frå venstre: Tea Volle, Trine Frivik, Karina Haugsbø Davenport, Erica Chelsea Ljotebø Bale, Synne Tennefoss Ullebø og Eline Austreim Gil.

Konfirmantane i Vadheim 28. April 2019



Frå venstre: soknerest Runar Matsui-LI, Ole Øystein Aase Aarseth, Amalia Jane Smelvær Burn, William Berge Ullebø.

Foto: Bjørnar Otterstein

Konfirmantane i Lavik kyrkje 26. mai 2019



Foto: Geir Ivar Ramsli

Frå venstre: Andreas Ester, Emma Kristin Hellem, Martha Jean Kvammen Johnson, Toril Lange

Konfirmantane i Bjordal kyrkje 19. mai 2019



Frå venstre: Lasse Holen, Andreas Ester, Andrine Svartemyr, Toril Lange, Simen Rømo **Foto:** Louise Kristine Moen Jagedal

Konfirmant i Ortnevik kyrkje 19. mai 2019



Frå venstre: Andreas Ester, Eirik Madsen, Toril Lange **Foto:** Nina Brekke

Visitaforedrag ved bispevisitas i Høyanger 5.-7. og 10. mars 2019

Kjære kyrkjelyd!

Takk ein flott visitas og innholdsrike dagar! Det har vore spennande å koma til ein stad som er resultatet av satsing og pionerånd. Høyanger vart bygd opp frå grunnen ut frå Eide og Birkeland sine visjonære tankar om kraft og aluminium. Og folket som kom hit satsa like mykje, dei braut opp og søkte noko nytt. Dette samfunnet er skapt fordi nokon ville noko og det måtte gjerast saman. Det var spennande og lærerikt å få omvising på aluminiumsverket og i museet.

Eg har desse dagane møtt sokneråda og staben til gode samtalar og drøftingar om strategi. I tillegg til besøket på Hydro har eg fått møta lokalsamfunnet ved å vera med på skulegudsteneste, spørjetime på ungdomsskulen og ein flott kulturkveld i Høyanger kyrkje med samtale med ungdomar om framtida. Eg har òg fått møte kommunen og lærarane og til og med vore på kunstmuseum i byporten. Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitaforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Reidar Knapstad.

Gudstenestelivet

Sjølv om statistikken for frammetet ved gudstenestene ikkje er imponerande, samlar dei som er knytt til trusopplæringa mykje folk, både barn og vaksne. Det skal vi gleda oss over. Men på dei vanlege gudstenestene er det ikkje så mykje folk, og det merkast at mange av dei trufaste kyrkjegjengarane er vortne for gamle eller har gått bort. Difor er det positivt at eg merka eit engasjement for å gjera noko med gudstenesta. Det er pionerånd, å ikkje la seg hindra av det som ser vanskeleg ut, men sjå etter muligheiter. Vi kan seia som Sam Eide og pionerane: Her er det verdjar, dei må folk få tak i, og så må me gjera ein innsats for å få det til.

På samrådsmøtet med sokneråda kom det mange gode framlegg, blant anna om å få til ein samtale omkring preika der folk kan stilla spørsmål og læra meir. Eg synes de skal prøva ut den ideen: å invitera til kyrkjekaffi med høve til spørsmål og samtale om preika. Då vert det tydeleg at gudstenesta handlar om livet vårt, preika skal røra ved livet så det skal bli klart for oss at Guds kjærleik og tilgjeving og frelse gjennom Jesus Kristus gjeld liva våre i dag.



Foto: Bjørnar Otterstein

Og er det noko som er uklart, er det fint å få sjansen til å stilla spørsmål på kyrkjekaffien.

Kristne har alltid samlast regelmessig til gudsteneste. Det kan henda nokon tenkjer at dei ikkje er gode nok til å gå i kyrkja. Men det er nettopp fordi vi ikkje er perfekte menneske at vi samlast for å høyra om tilgjeving og nåde. Det er fordi vi treng eit fellesskapet der vi får høyra evangeliet om Guds kjærleik at vi samlast. Det må vi gjera ofte. Når det ikkje er gudsteneste her kvar søndag, må de kunne gå i ei annan kyrkje enn den næraste.

Vaksenundervisning

I tillegg til gudstenestene er det behov for undervisning om trua. Vi treng sosiale samlingar med samtale og undervisning der ein kan læra meir. Eg vil oppfordra dykk til å laga temakveldar eller kveldssamlingar med undervisning, mat og samtale. De har eit bedehus i Høyanger som er godt egna til det og det finst mange opplegg ein kan bruka.

Trusopplæringa

Trusopplæringa går godt, særleg når ein tenker på dei resursane de har til rådvelde. Ikkje alt i planen er gjennomført enno, men det er viktig å vera realistisk, å sjå på det som fungerer og bygga vidare på det. Og så får ein etter kvart revidera planen. Mitt inntrykk er at det er god kvalitet i trusopplæringa og at dei som er med, kjem igjen. De lagar gode trusopplæringsgudstenester som samlar mange. Eg vil særleg gje dykk ros for at de har minikonfirmantar med leir og fleire samlingar. Det er ei viktig og strategisk riktig satsing!

Konfirmant og ungdomsarbeid

Det er god oppslutning om konfirmasjonen. De har leir og eit godt opplegg som gjer at konfirmantane kjem. Det som er kritisk, er å føra konfirmantane vidare. Difor er det godt å høyra at de har med tidlegare konfirmantar som leiarar på konfirmantleir. Det er ein god måte å ta dei med vidare. Ungdom etter konfirmantaldar må få eit tilbod om leiartrening, ein kan gjerne knyta dei til noko som skjer i Førde eller Balestrand.



Foto: Bjørnar Otterstein

Skule-kyrkjesamarbeidet

Det var ei oppleving å vera med på skulegudsteneste for Høyanger skule på onsdag i Høyanger kyrkje og sjå kor aktivt elevane var med. Det var tydeleg at dette var noko skulen hadde gått inn for og gleda seg til. Det var 10 år sidan sist det hadde vore skulegudsteneste, og eg vonar at dette kan markera starten på eit nytt samarbeid. Vi fekk i stand eit møte med rektor og konklusjonen er at det no kan vere rett tid å starta opp igjen. Så no må kyrkja tilby skulegudstenester i adventstida. For å få eit godt fungerande samarbeid med skulen både om gudstenester og om deltaking i KRLE-faget må det lagast eit årshjul slik at de kjem tidleg

inn i planlegginga av skulegudstenester og kyrkjebesøk. Ein del av samarbeidet kan vere å tilby skulane KRLE-opplegget «Vandring gjennom Bibelen» som soknepresten har tatt kurs i og har erfaring med.

Gjevarteneste

For å få ressursar til nye tiltak treng ein pengar. Offertala er på eit lågt nivå og ein treng å minna folk på at kyrkja treng meir enn det vi får frå kommunen dersom vi skal nå ut til born og unge. Difor treng ein god forkynning om gjevarglede og ein treng å få på plass ei gjevarteneste.

Det er enkelt å få til via autogiro, og den bør vera spissa slik at folk kan gje direkte til det arbeidet dei ser, anten det er trusopplæring, arbeid for barn og unge, diakoni eller kyrkjemusikk. Då kan ein utfordra nye folk, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid.

Misjon

Det er flott at Kyrkjebø sokn har hatt misjonsprosjekt for NMS i mange år. Men de har de ikkje lenger, så no er det tid for å velja noko nytt. Truleg vil det vere klokt med eit felles misjonsprosjekt for dei to sokna. Dette bør de få i gang no i vår, før soknerådet går av. Så er de heldige som har Alværa misjonsenter så nær, det er ein ressurs for kyrkjelydane her. De må støtta opp om det og bruka det slik at det gode arbeidet som skjer der kan halda fram.

Kyrkjemusikk

Kyrkjemusikken er viktig for kyrkja, det hever gudstenesta. Det har vi fått merka i dag, og det inspirerer til deltaking, songglede og engasjement. De har ein omfangsrik og ambisiøs kyrkjemusikkplan, og det er flott å høyra om dei 12 damene i Lavik kantorikor som starta i fjor og som samlar songarar frå begge sider av fjorden.

Til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte og en god samtale, for at de ser at kyrkja er viktig for lokalsamfunnet og at de ser at ein treng å prioritera vedlikehald og bygningar. Eg vonar at kyrkje-lyden saman med kommunen óg kan sikre ei vidare drift i bedehuset i sentrum av Høyanger. Dette huset ligg sentralt og er ein viktig føresetnad for vidare satsing innan barne- og ungdomsarbeidet, undervisning, diakoni og anna fellesskapsbyggjande aktivitet.

Frå venstre: sekretær Katarina Vattekar, kyrkjeverje Bjørnar Otterstein, kyrkjetenar Heike Müller, kantor Gerda Otterstein, sokneprest Runar Matsui-Li, kyrkjelydspedagog Toril Lange, biskop Halvor Nordhaug, kyrkjetenar Irene Aase Aarseth, ordførar Petter Sortland, prost Reidar Knapstad

Foto: Jarle Berge



Takk!

Til slutt vil eg takka for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst soknepresten, sokneråda, staben og kyrkjeverja skal ha takk for god tilrettelegging. Takk for ei opplysende visitasmelding som gav nyttig

kunnskap om bygda. Takk også til prost Reidar Knapstad som har vore med å leggja til rette og planlegge denne visitasen. Han har vore med heile vegen og fylgjer opp Høyanger når biskopen ikkje er her. Og så nokre utfordringar til dykk, som samlar det eg har sett under denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, lag gode gudstenester og prøv ut ideen med kyrkjekaffi med spørsmål.
- Set i gang med undervisnings- og samtalekveldar.
- Få i gang eit tilbod om samlingar og leiartrening for ungdom etter konfirmantaldar, gjerne saman med Førde eller Balestrand.
- Start opp med skulegudstenester i advent og lag eit årshjul for å sikra eit godt samarbeid med skulen.
- Dra i gang ei målretta gjevateneste for trusopplæring og barn og unge, og forkynn fram gjevargleda.
- Kyrkjelydane må fremja misjon, og før det vert nytt råd må begge sokna drøfta om ein skal ha felles misjonsprosjekt.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Høyanger kommune i denne omgang med mange flotte inntrykk frå desse dagane. **Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket i Høyanger og Kyrkjebø!**

Nye tider, nye media

Formidling av informasjon har teke nye former. Dette har vi på kyrkjekontoret innretta oss etter, og vi har som mål for framtida å bruke meir sosiale media for å formidle vår budskap.

Vi viser til at heimesida vår er under oppdatering kva gjeld innhald. Vi annonserer no ofte på Facebook, og vi har fått vår eiga Instagramside. Vi kjem sjølvsagt til å forsetje med å bruke avisa og kyrkjelydsbladet, men fersk informasjon kjem nok i framtida til å stå på internett. Møt oss der!

På heimesida vil ein i framtida finne generell informasjon, kalender over kva som skjer, skjema, linkar til visse informative sider og «ord frå presten».

Dette er nytt på heimesida, og er ei lita helsing kvar veke frå prestane våre til folk i bygda.

På Facebook vil du finne annonser om framtidige gudstenester, konsertar eller generell informasjon frå den norske kyrkja med linkar til informasjon på vår heime-side. Og på Instagram finn du bilete eller videoar frå konsertar, gudstenester eller daglegdagse gjeremål.

Dette er ting vi jobbar med, og som vi håpar blir teke godt i mot. Derfor ynsker vi attendemelding frå kyrkjemedlemene om innhald som ein saknar, eller ynskjer å dele med oss.

Kontorsekretær Katarina Vattekar

Nytt frå kyrkjevevja

Økonomisk resultat 2018

Driftsrekneskapen for Høyanger kyrkjelege fellesråd 2018 er saldert med eit netto driftsresultat på kr. 83 313, som utgjer 1,5% av driftsinntektene. Sum driftsutgifter er litt i overkant av budsjett, men driftsinntektene er også over budsjett, slik at brutto driftsresultat er 103 000 betre enn budsjett. Årets netto driftsresultat på kr. 83 313 og fjorårets mindreforbruk på kr. 187 519 er vesentleg gått til å dekkja meirkostnader i investeringsrekneskap, der vi har overført kr. 253 728. Årets mindreforbruk er etter dette kr. 17 104.

Investeringsrekneskapen 2018

I 2018 er prosjektet nytt orgel i Kyrkjebø kyrkje slutført, der årets kostnad er 1 200 000. I tillegg er det opparbeidd ny parkeringsplass for 271 000, og gjennomført malingsarbeid for 375 000. I tillegg er det bokført eigenkapitaltilskot KLP på 19 705. Dette gav eit samla finanseringsbehov på 1 868 700, som er finansiert med 700 000 i investeringsmidlar frå kommunen, udisponerte midlar frå 2017 på kr. 336 298, bruk av fond på 29 341, og resten kr.

253 728 med overføring frå driftsrekneskapen 2018.

Revisjon

Rekneskapen 2018 er no revidert, og i revisjonsmeldinga frå SF Revisjon står det mellom anna fyljande: *«Vi har revidert årsrekneskapen for Høyanger kyrkjelege fellesråd som viser eit netto driftsresultat på kr. 83 313,67 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 17 104,25.»*

Årsrekneskapen er samansett av balanse pr. 31. desember 2018, driftsrekneskap og investerings-rekneskap avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, herunder eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår vurdering er årsrekneskapen som fyljer med, gitt i samsvar med lov og forskrift, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling for den finansielle stillinga til Høyanger kyrkjelege fellesråd pr. 31.12.2018, og at resultatet for rekneskapsåret 2018 er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.»

Nominerte til Høyanger sokneråd 2020-2023

- | | |
|--------------------------------|----------|
| 1. Vidar Myren, 49 år | Høyanger |
| 2. Marit Tønning, 53 år | Kyrkjebø |
| 3. May-Wenche Fossmark, 62 år | Høyanger |
| 4. Lars Petter Amundrud, 47 år | Høyanger |
| 5. Veronica Vågen, 39 år | Høyanger |
| 6. Trond Gandrud, 47 år | Høyanger |

Nominerte til Kyrkjebø sokneråd 2020-2023

- | | |
|--------------------------------------|----------|
| 1. Irene Aase Aarseth, 53 år | Kyrkjebø |
| 2. Sturla Bell Fossen, 59 år | Kyrkjebø |
| 3. Kari Henny Dale, 65 år | Kyrkjebø |
| 4. Aud Kjersti Haugen, 62 år | Kyrkjebø |
| 5. Anna Sofia Høvik, 68 år | Kyrkjebø |
| 6. Ellinor Henjesand Austreim, 47 år | Kyrkjebø |

Nominerte til Lavik sokneråd 2020-2023

- | | |
|--|-------|
| 1. Torunn Styve, 62 år | Lavik |
| 2. Toril Lange, 65 år | Lavik |
| 3. Annbjørg Norevik Kristensen, 66 år | Lavik |
| 4. Wenche Liljedal, 54 år | Lavik |
| 5. Maria P. Zimmermann Espeseth, 35 år | Lavik |
| 6. Monica Sunde Tjønnås, 50 år | Lavik |
| 7. Katrin Borlaug Ringereide, 35 år | Lavik |
| 8. Terje Båtnes, 64 år | Lavik |
| 9. Rolf Aamot, 62 år | Lavik |
| 10. Randi Aaning Strandos, 62 år | Lavik |
| 11. Oddny Marie Bruåsdal, 49 år | Lavik |
| 12. Hilde Iren Sørebo Bosdal, 28 år | Lavik |
| 13. Tonje Førde Systad, 32 år | Lavik |
| 14. Kitty Johanne Bruåsdal, 70 år | Lavik |
| 15. Bjørg Støldal, 65 år | Lavik |
| 16. Turid Norevik Bowden, 67 år | Lavik |

Nominerte til Bjordal og Ortnevik sokneråd 2020-2023

- | | |
|--------------------------------|-----------|
| 1. Ingunn Østerbø, 63 år | Ikjefjord |
| 2. Joar Oppedal, 56 år | Ortnevik |
| 3. Sissel Sørebo, 71 år | Bjordal |
| 4. Alf Magnar Svartemyr, 50 år | Bjordal |
| 5. Åge Østerbø, 44 år | Bjordal |
| 6. Jon Nesheim, 63 år | Bjordal |
| 7. Kenneth Førde, 24 år | Bjordal |

Godt jobba ved Bjordal kyrkje!

29. april vart det klipt, raka, hakka, spadd og luka på og rundt gravplassen, før ein dagen etter fekk tømt på ny grus ved inngangen og bak kyrkja. Sanden vart pakka med vibrasjonsplate, og vi håpar dette no er eit godt underlag også for rullestolar. Takk til alle som var med med godt humør og flittige hender desse to dagane! Vil og takke Entreprenør Egil Førde for tilgang til grus, A & J Bjordal for lån av vibrasjonsplate og Østerbø Maskin AS for lån av truck.

Bjordal & Ortnevik sokneråd



Foto: Mona Steinsvik



Påskennattsgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje



Foto: Barbora Otterstein

Den 20. april 2019 kl. 23:30 feira vi for første gong Påskennattsgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje. Dei første kristne feira Jesu oppstode med gudsteneste som tok til straks før midnatt, og som enda i den nye dag. Vi gjorde som urkyrkja, med lysprosesjon, påskevigilie, gregoriansk lovsong, tekstlesingar, dåpsspåminning og nattverd. Liturgien var laga av sokneprest Runar og kantor Gerda.

Liturg var sokneprest Runar Matsui-Li, og tekstlesarar var Audun Digranes, Bjørnar Otterstein og Irene Aase Aarseth.

Ved orgelet var kantor Gerda Otterstein. Det var 29 personar som deltok under gudstenesta, og 19 av dei gjekk til nattverd. Alle fekk med seg den spesielle stemninga, alle hadde levande lys i ei mørklagd kyrkje, og alle deltok i songen, bønene og tradisjonane frå den første kristne tida.

Påskennattsgudstenesta vart avslutta med den mektige salmen «Deg være Ære!» Det var ei flott oppleving, som vi vil at mange skal få høve til å oppleve! Vi kjem til å ha påskennattsgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje også neste år, så velkomen skal du vere!

JESUS LEVER!

På Kyrkjebakken

Babysong i Ortnevik

Mange kyrkjelydar i Den norske kyrkja har tilbod om babysong. No er vi så heldige på Høyanger sørsida at det er født så mange born at det kan gje grunnlag for ei gruppe med born og foreldre. Camilla Merkesvik Ådland, som har gode musikalske føresetnader, har sagt seg villig til å leie babysong kvar 14. dag på grendehuset i Ortnevik. Borna får høve til å bruke sansane, og uttrykke og utfalde seg musikalsk. Ein vil synge og lære enkle, kjende og nye barnesongar, rim og regler. Glede, fellesskap og samspel er stikkord. Songstunda byrjar kl. 11.30. Etterpå vert det prat og mat. Det er ingen krav til songstemme. Alle syng med den stemma ein har. For din baby er din stemme den vakraste i verda! Første samlinga blir tysdag 20. august. Kyrkjelydspedagog Toril Lange.

Friluftsgudsteneste på Sørebø

16. juni kl. 12.00 er alle velkomne til gudsteneste på Sørebøgarden. Skulle det bli regn, går vi inn i Gamlestova. Som vanleg inviterer soknerådet til kyrkjekaffi. Dei som ynskjer det kan grille pølse i bålpanne. Kvar familie tek med det dei vil ha til grilling. Det blir også leikar og natursti. Vi håpar mange i alle aldrar finn vegen til Sørebø denne dagen!

Olsokgudsteneste på Sande

Tradisjonen tru skal vi også i år feire olsok på Sande. Vi samlast dagen før olsok, søndag 28. juli kl. 15.00. Ruth Sande ynskjer oss velkommen til dei naturskjønne omgjevnadene ved Sandestova. Under dei store bjørketrea ved sida av minnesteinen over kulturpersonleg-domen Olav Sande, har vi fin utsikt utover fjorden. Vi kler oss etter veret, og håpar på sol! Det vert kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Open kyrkje i Ortnevik

I sommar frå 24. juni – 12. august er kyrkja i Ortnevik open kvar måndag kl. 20.00 – 21.00. Turistar og fastbuande er velkomne til å bruke det stille kyrkjerommet til oppleving, refleksjon og bøn. Litt informasjon på norsk og engelsk ligg ved inngangen.

Hyggjestund på Sørsida Bygdetun

Laurdag 28. september vert det samling på stova med song, trekkspelmusikk, andakt, kaffi og samtale om lokalhistorisk tema. Denne gongen vil vi vise fram reiskap som vart brukt i arbeidet på kjøkkenet før. Ta gjerne med deg noko som du har teke vare på. Erling Bjordal kan fortelje oss korleis ulike kjøkkenreiskap er laga. Mange av oss hugsar «dei reisande», splinten, som kom rundt på gardane og selde ting og tang. Historier om dette kan gjerne forteljast! Vel møtt til dykk som har heimen på Bygdetunet og til bygdefolk elles!

Bjordal & Ortnevik sokneråd

Aftansong med Lavik Kantori

Onsdag 19. juni kl. 19:00 ynskjer vi velkomen til herleg kveldskonsert med koret, og samstundes ei annleis gudsteneste i Lavik kyrkje.

Aftansong har sin bakgrunn tilbake i Middelalderen sin tidebøn, for å markere starten og slutten på dagen. Eit anna ord for aftansong er Vesper, som tyder kveldsbøn. Slik som i Anglikansk tradisjon blir mykje av tekstane sunge av koret.

Det blir nydeleg korsang, med mellom anna «Jeg synger meg en blå blå salme», spennande tekstar, allsong og tankar frå soknepresten, tankar som er knytt til tekstane.

Lavik Sokneråd v/Andreas Ester

Alværa - vegen vidare?

I forrige nummer av Helgestunder kunne de lese om at det er «krevjande for Alværa misjonscenter». Difor er det no endringar på gang for å få ei drift i balanse. NMS Eigedom, som er ansvarleg for eigedomane i NMS og også Alværa, har fastslege at på Alværa er det for tida ikkje grunnlag for meir enn ein 20 % stillingsressurs. Konkret betyr det at dagleg leiar vart sagt opp med verknad frå 1. mai. Korleis den 20% ressursen skal brukast er ikkje bestemt enno, så for tida er det ikkje fast tilsett på Alværa, kun ein kontaktperson.

Mange har stilt spørsmål om kva som skjer med Alværa no - og svaret er: Alværa er og skal framleis vere eit misjonscenter med

aktivitet. Det skal framleis vere NMS/NMSU-arrangement, men då utan tilsette på kjøkkenet. Alværa vil framleis invitere til arrangement, men då vert det stort sett med dugnadsfolk på kjøkkenet. Alværa skal framleis leigast ut til kyrkjelydar og andre, men då er dei sjølve ansvarlege for mat og reinhald. Mykje må klargjerast, og vegen vert nok til undervegs.

I vinter vart det nedsett eit interimsstyre for å jobbe med korleis sikre vidare drift på Alværa. Styret er samansett av representantar frå den «gamle» ressursgruppa + 3 personar til. Styret har hatt 4 møter, siste gongen i mai - då også saman med regionsstyret til NMS- Bjørgvin



Interimsstyret sine oppgåver er:

- 1) Å leggje ein plan for korleis vi får avvika vår- og sommarsesongen utan fast bemanning. Utfordringa er nok hytteutleige frå april til ut august. No er det inngått avtale med fast utleige av den eine hytta i 2 månader.
- 2) Å halde uteområdet i ein slik stand at det ser innbydande ut. Fleire i Lavikområdet stiller opp på dugnad og klipper plen.
- 3) Finne kandidatar til eit nytt Alværastyre i løpet av sommaren.
- 4) Å vidareutvikle Alværa vert ei viktig, lang-siktig og kontinuerleg oppgåve for det nye styret.

At mange bryr seg om Alværa er dugnadene som har vore i vinter eit synleg teikn på. Omtrent ein gong i månaden har 7-9 personar vore samla på dagtid for å sette Alværa i betre stand. Dessutan har ei turmisjonsgruppe og mannsgruppe brukt eit av sine møte til beste for staden.

Alle har funne oppgåver dei trivast med – frå nedvask av hytter og rom, rulling av dukar, fjerning av ugras i grusgangar, vårpuss på båtar, rydding langs vegar og ved hytter, ettersyn av møblar både inne og ute, beising m.m. Nye fellesdugnader kjem, men dato er ikkje fastsett enno – men følg med på *Alværa Misjonscenter* si facebook-side. Ta kontakt viss du har lyst å jobbe dugnad, anten det daglege vedlikehaldet eller kjøkkenteneste.

Toril Lange

DET SKJER PÅ ALVÆRA



24. til 26. juni: Sommarleir for 2. - 6. klasse.
Påmelding og meir informasjon – sjå nmsu.no – Bjørgvin.

7. til 9. oktober: Haustleir for 2. - 7. klasse.
Kontaktinformasjon: mobil 48990661 og facebookside: Alværa Misjonscenter.
Treng du eit lokale til weekend, familiesamling eller seminar – så ta kontakt!

Deltakarar på leirdøgnet: Vi treng Alværa!

21. til 22. mai inviterte Lavik sokneråd born i 2.- 4. klasse til leirdøgn på Alværa. 9 born, 3 vaksne og 1 «kjøkkensjef» saman. På programmet var det bading og krabbefiske, leik, kveldsbøn, mat og drama.

Tema for leirdøgnet var kva kan vi lære av Jesus og korleis vi skal vere mot kvarandre. Likninga om den miskunnsame samaritanen skulle lære oss det. Ein mann var på veg frå Jerusalem til Jeriko og fall i hender på røvarar. Fleire såg, men gjekk berre vidare. Til slutt fekk han hjelp av ein samaritan.

Dramaet frå likninga vart lagt til vår tid. Ei jente var på veg frå Lavik til Alværa på leir, men fall i hender på røvarar. Ein forretningsmann kom og gjekk forbi, like eins eit barn som skulle på ned til sjøen for å bade. Til slutt kom det ei lita jente som var på tur med eselet sitt. Barnet tok med den skadde jenta til hotellet og bad Trijnie passa på ho.

Deltakarane og leiarane på leirdøgnet vil seie litt om kvifor vi må ta vare på Alværa:
Vi treng Alværa fordi: - Her får vi masse nye venner, det er fint her – og vi har det gøy! - Vi kan fiske krabber – med håven fekk vi fisk! Vi kan bade, og vi kan lære om Jesus, Den Heilage Ande og Gud. – Og vi slepp foreldre – som oftast! - Har vi ikkje Alværa, har vi ikkje leir å glede oss til. Og så er det ein fin stad for barnedåp og konfirmasjon!

Leirdøgnet vart avslutta med grilling der foreldre og søsken var inviterte. Etterpå var mange med på å rydde og vaske etter leiren. Med mange hender som hjelper til tok ikkje det lang tid. Takk for eit triveleg leirdøgn til born og foreldre. T.L.



Foto: Toril Lange

Kostyme er på plass og alle er klar til å spele drama.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Høyanger

24.03.2019 Amelia Torvanger Wangensteen
 18.04.2019 Marie Olivia Moritsgård
 24.04.2019 Alf Ynnesdal Thune
 09.06.2019 Agnes Rørvik Ferstad

Lavik

21.04.2019 Einar Bjørkhaug Borlaug

Bjordal

03.03.2019 Jenny Bosdal Søreide

Ortnevik

17.03.2019 Jakob Merkesvik Ådland
 09.06.2019 Mika Knutssøn



DØDE

Høyanger

18.03.2019 Oddbjørn Nordgulen
 13.04. 2019 Agnar Hegg
 10.05,2019 Anne Karin Sviggum
 15.05.2019 Aasvald Andreas Ullebø

Vadheim

30.04.2019 Torvald Iversen

Kyrkjebø

06.04.2019 Eivind Berge
 13.04.2019 Elliot Inge Sundseth
 02.05.2019 Olav Tvedt
 12.05.2019 Martha Sunde

Ortnevik

17.02.2019 Målfrid Alrek

Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast, som somme plar gjera. Men lat oss setja mot i kvarandre, og det så mykje meir som de ser dagen nærmar seg.” (Heb.10,25)

Gudstenester

9. juni Pinsedag

Kl.11:00 Høyanger v/Andreas Ester
Kl.11:00 Ortnevik v/Runar Matsui-Li
Kl.16:00 Lavik v/Andreas Ester

10. juni 2. Pinsedag

Kl.15:30 Måren m/konfirmasjon
Friluftsgudsteneste Kyrkjekaffi

16. juni Treeiningssøndag

Kl.12:00 Sørebo familiegudsteneste
v/Geir Sørebo og Andreas Ester og
Anders Brekke. Friluftsgudsteneste
Kyrkjekaffi, grilling, leikar og natursti.

23. juni

Kl. 11:00 Lavik v/Andreas Ester
Kl. 17:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li

7. juli 4. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Vadheim v/Frode Skeide
Kl.17:00 Høyanger v/Frode Skeide

14. juli 5. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Lavik v/Andreas Ester
Kl.17:00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

28. juli 7. søndag i treeiningstida

Kl.15:00 Sande i Ortnevik v/Runar Matsui-Li
Friluftsgudsteneste

4. august 9. søndag i treeiningstida

Kl.17:00 Høyanger v/Runar Matsui-Li

11. august 10. søndag i treeiningstida

Kl.16:00 Bjordal v/Runar Matsui-Li

18. august 11. søndag i treeiningstida

Kl.12:00 Vadheimstølen v/Runar Matsui-Li
Friluftsgudsteneste

25. august 12. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Lavik v/Andreas Ester
Konf.presentasjon og 50-årskonfirmanter.
Kl.17:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li
Konfirmantpresentasjon

1. september 13. søndag i treeiningstida

Kl. 11:00 Bjordal v/Andreas Ester
Kl. 17:00 Høyanger Konfirmantpresentasjon
v/Runar Matsui-Li

8. september Vingardssøndag

Kl.11:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li og
Toril Lange Konfirmantpresentasjon og
utdeling av 4-årsbok.

15. september 15. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Kyrkjebø v/Runar Matsui-Li
Hausttakkefest utdeling av 4-årsbok.

29. september 17. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Lavik v/Andreas Ester, Toril Lange
Hausttakkefest
Kl. 17:00 Vadheim v/Runar Matsui-Li

6. oktober 18. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Kyrkjebø Jubileumsgudsteneste
Inviterte gjester.

20. oktober 20. søndag i treeiningstida

Kl.12:00 Massneset v/Andreas Ester og Toril
Lange. Hausttakkefest
Kl. 18:00 Lavik v/Andreas Ester, Minnedag

27. oktober 21. søndag i treeiningstida

Kl.11:00 Høyanger Hausttakkefest v/Toril
Lange mfl.
Kl:17:00 Kyrkjebø Jazzgudsteneste v/
Something Else

3. november Helgemesse

Kl.11:00 Kyrkjebø, v/Andreas Ester
Kl.16:00 Bjordal, v/Andreas Ester

17. november 23. søndag i treeiningstida

Kl.17:00 Høyanger familiegudsteneste v/Toril
Lange

24. november Kristi Kongedag

Kl.11:00 Vadheim v/Andreas Ester
Kl.16:00 Lavik v/Andreas Ester

1. desember 1. søndag i adventstida.

Kl.16:00 Kyrkjebø historisk gudsteneste v/Geir
Sørebo.

**NB: Det kan skje endringar, så følg med i
kalendaren på Facebook og på heimesida
vår: www.hoyanger.kyrkja.no**

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Foto: Bjørnar Otterstein

Kyrkjejubileet på Kyrkjebø har vore i gang eit halvt år no. Vi har hatt historiekveld, vi har hatt gudsteneste for konfirmantar frå 1959, 1969 og 2019 – og onsdag den 5. juni avvikla vi jubileumskonsert med kor, korps og kulturskule. Desse tre tilstellingane har samla folk og det har vore ei god og glad stemning! Vi er også glade for at vi har fått minnegåve til jubileet etter Johan Kyrkjebø si gravferd. Det gjev oss handlingsrom til tre/fire nye gode tilstellingar denne hausten:

Laurdag 5. oktober vert det orgelkonsert i kyrkja.

Søndag 6. oktober vert det festgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje omtrent på same dag som som kyrkja vart innvigd for 150 år sidan. Tidlegare prestar og organistar er inviterte, men først og fremst alle frå bygdene våre som har lyst til å vere med på denne storhendinga . Etter gudstenesta vonar vi at alle kjem til program og mat i messa på Tronvik.

Søndag 27. oktober – ja det er berre å gle seg for då vert det jazzgudsteneste med bandet Something Else. Ein heilt spesiell søndagskveld med heilt spesiell musikk og song.

Søndag 1. desember avsluttar vi jubileumsåret med ei spesiell gudsteneste i historisk lys. Kanskje vi får til å gjenskape liturgi og stemning frå 150 år attende? Vi vonar folk frå heile kommunen vil finne vegen til Kyrkjebø kyrkje denne hausten! Velkomne skal de vere!

Jubileumskomiteen v/Helga Hjetland